




Lisbet Friche



CAMILLA & LATIFA



Camilla og Latifa








Camilla og Latifa er veninner. Dei sit ved sida av kvarandre på skulen. Camilla og Latifa vil gjerne jobbe saman, dei vil gjerne vere saman, dei vil gjerne snakke saman, og dei hjelper kvarandre. Camilla og Latifa er nesten aldri uvener. Viss dei likevel ein sjeldan gong skulle vere uvener, vert dei fort vener igjen.





I friminutta spelar Camilla og Latifa av og til fotball eller basketball saman med venene sine. Nokre gonger sit dei berre og snakkar og hyggjer seg. Viss det er dårlig vær, vert dei inne i klasserommet. Dei spelar spel, pratar (chatter) på datamaskina eller skriver og teiknar morsame historier.

Hovudplagg:

Det finns mange ulike slags hovudplagg i den muslimske verda



Burka



Niqab



Al-Amira



Shayia



Khimar




Chador



Hijab





Camilla og Latifa er like gamle og dei er nesten like høge. Camilla har raudt hår og grøne øye. Latifa har mørkt hår og brune øye. Dei har ulik klesstil. Latifa har hovudplagg. Ein kan berre sjå litt av håret hennar. Genserens hennar dekkjer alltid skuldrene hennar. Ho har på seg bukse eller skjørt med strømpebukse under.

Afghanistan



Afghanistan

FAKTA

Afghanistan er 650.000 km^2 stort og det bur 33 mill. mennesker der. Noreg er 325.000 km^2 og det bur nesten 5 mill. mennesker her.

Noreg




Norge





FAKTA

I Afghanistan har det vore borgarkrig i ca. 30 år. Dei ulike stammene som bur i landet, er i krig med kvarandre. Dei er usamde om kven som skal styre i Afghanistan. Mange andre land har vore innblanda i krigen i Afghanistan, f.eks. Pakistan, Russland og USA.





Camilla er fødd i Noreg. Foreldra og besteforeldra til Camilla er også fødd i Noreg. Latifa er fødd i Noreg ho også, men foreldra og storesyster Lila er fødd i Afghanistan. Mor og far til Latifa flykta til Noreg saman med Lila fordi det var krig i Afghanistan. Det var før Latifa vart fødd. No har familien fire born, og alle bur i Noreg. Besteforeldra til Latifa bur framleis i Afghanistan. Dei bur i hovudstaden som heiter Kabul.





Når jentene har gym, tek dei på seg gymkle. Gymkleda til Latifa er ei t-skjorte og bukse. Ho har på seg hovudplagg. Etter gymmen, dusjar Camilla saman med de andre jentene mens Latifa dusjar for seg sjølv. I symjetimane har Latifa ei t-skjorte over badelekta og ho har på seg badehette. Camilla og Latifa trenar også saman på fritida. Då spelar dei fotball.





I dag er helsesyster på besøk til jentene i klassen. Hun fortel om korleis kroppen utviklar seg frå jente til dame. Hun fortel om hormon og menstruasjon. Camilla, Latifa og veninnene deira har mange spørsmål. Dei vil gjerne snakke om kroppen. Dei synest det er fint å få svar frå ei helsesyster. I morgen skal helsesyster på besøk til gutane.

Kristendom – Islam

Kristendom	Islam
	
kyrkje	moské
	
bibelen	koranen
	
prest	imam

FAKTA

Muslimar møtest på fredagar til felles bøn i moskén. I Oslo finns det tre moskéar. På stader kor det ikke finns moskéar, vert det brukt lagerlokale eller andre eigna lokale som møtestad. Mannen som leiar bøna heiter imam.

Symboler

Kristendommen har mange symbol:



Det kristne korset er symbol på oppstoda.




Fisken. Dette teiknet står for dei første kristne.

Labarum eller Khi-Rho symbolet. Dei to første bokstavane i det greske ordet for "Kristus".

Islam har ingen faste symbol. Mange trur at halvmånen er eit symbol for islam. Det er det ikkje. Det er symbol for "Tyrkia".




muslim






Som mange andre nordmenn, er Camilla kristen. Latifa er muslim. Hennar religion heter islam. I dag har klassen RLE-undervisning. Dei lærer om den kristne kyrkjebygningen. Latifa vil gjerne lære om kristendommen, men ho trur på Allah og på profeten Muhammed.

Kristendom



Islam





Neste gong klassen har RLE-undervisning, arbeider dei vidare med emnet om kyrkja – denne gongen om altertavla. Camilla og Latifa jobbar saman. Dei skal teikne ei altertavle i tre delar. Dei teiknar bilete som viser Jesu død. Latifa synest det er litt rart at ein kan teikne Jesus. I islam kan ein nemleg ikkje teikne Muhammed, Jesus eller Allah. I moskéane er det ingen bilete, men tekstar og kvite vegger. Nokre moskéar er pynta utvendig med arabiske mønster.

Koranen

I kristendommen er Bibelen den heilage boka. I islam er det Koranen.

Koranen på arabisk

فَإِذْكُرُونِي أَذْكُرْكُمْ وَأَشْكُرُوْلَيْنِ وَلَا
١٤ شَكْرُوْنَ ⑥
يَأْتِهَا الَّذِينَ آمَنُوا اسْتَعْيَنُوا بِالصَّبْرِ وَالصَّلَاةِ إِنَّ
اللَّهَ مَعَ الصَّابِرِينَ ⑦
وَلَا تَقُولُوا لِمَنْ يُقْتَلُ فِي سَبِيلِ اللَّهِ أَمْوَاتٌ بَلْ
أَحْيَاءٌ وَلَكُنْ لَا تَسْعُونَ ⑧
وَلَنَبْلُوْنَكُمْ بِشَيْءٍ مِّنَ الْحَوْرِ وَالْجُوعِ وَنَفْصِ مِنَ
الْأَمْوَالِ وَالْأَنْفُسِ وَالشَّرَاثِ وَبَشِّرِ الصَّابِرِينَ ⑨
الَّذِينَ إِذَا أَصَابَتْهُمْ مُّصِيبَةٌ قَالُوا إِنَّا لِلَّهِ وَإِنَّا
إِلَيْهِ رَجِعُونَ ⑩
أُولَئِكَ عَلَيْهِمْ صَلَوَاتٌ مِّنْ رَّبِّهِمْ وَرَحْمَةٌ شَتَّى
أُولَئِكَ هُمُ الْمُهَتَّدُونَ ⑪


Norsk omsetjing av Koranen

- 152) Hugs Meg, og Eg skal hugse dykk! Ver takksam mot Meg, og vend dykk ikkje bort.
- 153) De som trur, søk hjelp i tolmod og bøn! Gud er med dei tolmodige.
- 154) Sei ikkje om dei som har mist livet for Gud si sak, at dei er døde! Nei, dei lever, men de oppfattar det ikkje.
- 155) Vi skal stille dykk på prøve med frykt og svolt, og med tap av eidegom, liv og frukta (av arbeidet dykkar). Men gje gledeleg bodskap til dei tolmodige,
- 156) dei som seier, når ulukka rammar: «Vi tilhører Gud, og Han vender vi tilbake til!»
- 157) Guds godleik og nåde kviler over dei. Dei er på rett veg.



Latifa skal også lære om afghansk språk og kultur. Ho vert undervist av mor og far sin. Språket i Afghanistan heter FARSI og vert skrive med arabiske bokstaver. Far til Latifa viser korleis ein skriv arabiske bokstaver og Latifa øver seg. Saman les dei i Koranen. Latifa går på laurdagsskule for afghanske og pakistanske born. Her vert gutter og jenter undervist kvar for seg. Læraren til Latifa er ei pakistansk kvinne.

Norsk	Farsi	Engelsk	Tegnspråk
velkommen	خوش آمدید	welcome	
takk	شکرم	thank you	
hei	سلام	hello	
ja	بله	yes	
nei	نه	no	



Camilla kan snakke norsk, norsk teiknspråk og litt engelsk. Latifa kan snakke norsk, norsk teiknspråk, litt engelsk – og farsi. Foreldra til Latifa snakkar farsi med kvarandre, og dei snakkar ofte farsi heime med borna sine. Dei snakkar også norsk og norsk teiknspråk. Teiknspråk har ikkje eit naturleg skrive språk og farsi vert skrive med arabisk alfabet som Latifa ikkje kan så godt enno. Ho skriv best norsk og engelsk.

TV-kanalar



Norske TV-kanaler




Arabiske TV-kanaler



norske tv-kanalar



arabiske tv-kanalar




Av og til les borna avisartiklar på skulen. Då fortel dei kvarandre kva dei har lese og viser kvarandre bilete frå avisa. Dei snakkar også om nyhende dei har sett på TV. Foreldra til Latifa ser nyhende på arabiske TV-kanalar og Latifa fortel dei andre borna i klassen kva ho har sett der. Det er mykje om krigen i Afghanistan.

Mat frå Afghanistan

AFGHANSKE KOFTA (kjøtbollar)

500 g hakka lammekjøt
1 hakka lauk
1 ts finhakka kvitlauk
1 egg
3 ts støytt koriander
1 ts hønsebuljong
 $\frac{1}{2}$ ts støytt pepar
1 handfull frisk koriander

Rør alt godt saman og form til små bollar. Dei skal kokast i en lauk/tomatsaus som er krydra med paprika, koriander og støytt spisskummen. Bollane skal vera gjennomkokte og sausen skal vere tjukk. Det tek ca. 45 min. Server med kvit ris.



Sauen vert slakta
ved at ein skjer
halsen over på det.



halalkjøt


FAKTA

Maten muslimar kan ete, vert kalla halal. Det er grønsaker, fjørfe, fisk, frukt og kjøt som helst skal være frå eit halal-slakta dyr. Eit halal-slakta dyr vert først innvigd til Allah, deretter vert halsen skåre over slik at blodet kan renne frå kroppen. Mat som er forbode å ete er haram. Det er først og fremst svinekjøt. Alkohol og narkotika er også haram.



Matpakka til Latifa liknar Camilla si matpakke. Der er det brød, grønsaker, kjøt og frukt. Men det er også noko som er ulikt. I matpakka til Latifa er det aldri leverpostei og spekepølse. Latifa et nemleg ikkje svinekjøt. Ho et lam, kylling, kalkun og oksekjøt.


Tilberedning av maten



Høna vert kjøpt på marknaden

Høna vert slakta

Høna vert skjålda



FAKTA

Det tek lang tid å lage mat i Afghanistan. Hjå slaktaren kjøper ein nyslakta kylling. Først skal den ribbast og reinskast innvendig. Så skal den delast opp og kokast. Det er mykje arbeid som skal gjerast før den er klar og kan etast. Slik er det med nesten all mat.

Høna vert ribba

Høna vert reinska

Høna er klar til koking
innvendig

Ein dag like etter sommarferien skal borna skrive stil. Emnet er "Sommarferien min". Camilla har vore på campingferie på sørlandet og Latifa har vore på ferie i Afghanistan saman med mor si, Lila og dei to småbrørne sine.

Sommarferien min

Ferien min byrja midt i juni månad. Mor mi, Lila, eg og dei to brørne mine flaug frå Oslo til Kabul. Det var ein lang flytur på 24 timer, og vi mellomlanda i Finland og i India. Besteforeldra mine bur i ei støvete gate. Huset har to etasjar aldri og det varmt og tørt. Om sommaren regnar det nesten ikke og mange rom. Besteforeldra mine er veldig snille. Det er hyggelig å besøke dei. Onklane mine og deira familie kjem ofte på besøk og snakkar med oss. Det er alltid mange born å være saman med. Vi spel eller lekar sisten på gardsplassen bak huset. Der spelar vi også med dei små fetrane og kusinene våre. Vi må også hjelpe til på kjøkenet.

Ein må vene seg til å bu i Kabul - det er veldig ulikt frå Noreg. I stova til besteforeldra mine er det puter og madrassar langs veggene. Der sitt mennene og snakkar og drikker te. Kvinnene er mest i eit anna rom. Dei brukar mykje tid på å lage mat.

Bestefar er skomakar. Han har verkstad og butikk i bazaar. Av og til hjelper vi borna til i verkstaden. Det er for dat meste gutane som får lov til dat.

Fritid



Drakeflyging




Fuglefangst

FAKTA

Alle afganske gutter og menn elskar å lage drakar og fly med dei. Det er ein gammal tradisjon. Gutane og mennene går også på jakt og fangar levende fuglar. Dei tek fuglane med seg heim og setter dei i bur.

Håndel i basaren



Basaren er som ein stor marknads plass. I basaren kan ein kjøpe alt mogeleg.



drake



basar

FAKTA

Basaren er eit stort område inne i byen. Det er mange gater: ei gate med smediar, ei gate med grønsakshandlarar, ei gate med slaktarar, ei gate med skomakrar osv. Mange av gatene har tak over seg.

Bestefar er skomakar. Han har verkstad og butikk i basaren. Av gutane som får lov til det.


Det beste i Kabul er drakeflyging. Det er veldig fint å sjå på. Himmelten er fylt med drakar når det er drakefest. Her er også herleg å sitje på gardsplassen å sjå på fugleburet. Det verste med Kabul er at mange menn går med våpen. Eg er redd dei.

Dei fleste damene har hovudplagg som eg, men nokre brukar burka. Ein burka er eit hovudplagg som er så stort som eit telt. Det er berre eit hol til å sjå gjennom.

Eg synest det var ein fin ferie. Det er fint å ha ein stor familie. Når eg er i Noreg, saknar eg familién min, men når eg er i Afghanistan saknar eg dei norske venene mine. Eg vil gjerne dra attende til Afghanistan, men det er så dyrt å fly dit. Kanskje flyttar eg til Afghanistan når eg vert vaksen.

-Viss krigen er slutt.

Islams utbreiing



FAKTA

Ein truande muslim skal fylgje islam sine "fem soyler".

Det er:

1. Fylgje truvedkjenninga i Koranen.
2. Be til Allah fem gonger om dagen.
3. Feire ramadan, det betyr at ein ikkje kan ete eller drikke på dagtid i fastemånaden
4. Gje almisser til dei fattige, det betyr at ein skal gje pengar eller gåver til dei fattige.
5. Minst ein gong i livet, reise som pilegrim til den heilage byen Mekka.

FAKTA


Alle muslimar feirar ramadan. Ramadanan varer i 40 dagar og i den tida skal dei vaksne faste. Dei kan berre drikke og ete om natta når sola ikkje er på himmelen. Barn, gravide kvinner, sjuke og gamle fastar ikkje.

قرآن

"Koranen" på arabisk



Latifa har fått gåver og pengar fordi fastemånaden eller ramadanen er over. Festen Id ul-fitr avsluttar fasta og er muslimane sin største fest. Latifa fortel Camilla om festen: "Den byrja etter soleglad. Vi åt kjempegod kveldsmat. Tidlig neste morgen gjekk far og mor i moskéen for å be. Etterpå gjekk heile familien på besøk til dei Afghanske venene våre. Alle borna fekk gåver og pengar. Det var derfor eg ikkje kom på skulen i går". Camilla seier at det er jo nesten som julaftan.





I dag er det bursdagen til Camilla og heile klassen er på besøk. Alle borna har med ei lita gave til Camilla. Dei et kake og drikk brus. Etterpå arrangerer Camilla ulike leikar. Latifa synest det er veldig morosamt å være på bursdag, men ho har ikkje bursdagsselskap sjølv. Muslimar feirar nemleg ikkje bursdag.

Gjenstandar frå Afghanistan



kaffikanne



tekanne




kanne



krukke



forheng




I dag er Camilla på besøk hos Latifa. Camilla og Latifa har hjelpt kvarandre med å lage te og dekke bordet i stova. Mor til Latifa har sett kaker på bordet. No sit dei og kosar seg i sofaen. Småbrørne til Latifa er også der. Dei krangler heile tida om leiker, kakene og alt mogeleg anna. Camilla synest dei er veldig irriterande.

Den heilage byen - Mekka




kabaen



moské




mekka




bøneteppe

FAKTA

Når ein muslim ber, kan han ikkje røre noko som er skite. Han brukar derfor eit bøneteppe. Han sit seg på kne med hovudet vendt mot Mekka. For ein muslim er det viktig å kjenne himmelretningane. Mekka er ein heilag by kor det er ein stor moské. Moskéen har en gardsplass, i midten av den står ein firkanta bygning som vert kalla Kaba. Det er islam sin største heilagdom.



Latifa viser Camilla bøneteppet til far sin. Han tek det frem når han skal be. Det skal liggje på ein bestemt måte slik at ansiktet hans vender mot ein heilag byen som heiter Mekka. Men først må han vaske seg og ta på seg reine kle. Latifa forklarer at det er viktig å være heilt rein når ein ber. Ho viser også Camilla dei spesielle kleda far hennar av og til tek på seg når han skal be.



truloving

bryllaup

kjole

fest

utdanning



Mor til Latifa har mange flotte kjolar som Latifa stolt viser Camilla. Lila og Latifa har også mange festkjolar. Ein skal helst ha ny kjole kvar gong det er fest. Latifa har nettopp vore på trulovingsfest. Jenta var berre 15 år. Foreldra til Latifa synest ikkje at Lila og Latifa skal trulova seg og slettes ikkje gifte seg så tidleg. Det er viktig å gå på skulen og lære, så jentene skal i alle fall ha ei utdanning først. Lila er 19 år og har nettopp byrja på ei pedagogutdanning. Latifa vil også gjerne ha ei utdanning.



FAKTA

Når to unge vert gift, skal det lagast ein ekteskapskontrakt. I den står det for eksempel kva brudgommen skal gje brura i medgift. Det kan være eit smykke eller ein gullmynt. I kontrakten står det også kva som skal skje dersom paret går frå kvarandre. Då må brudgommen for eksempel betale 3000 kr til brura. Kontrakten skal underskrivast både av brura og brudgommen, og av fedrane og brørne. Til slutt skal den stemplast av imamen.

FAKTA

Før bryllaupsfesten inviterer brura til henna-kveld. Det er ein jentekveld kor brura og veninnene hennar pyntar hendene og føtene til kvarandre. Dei malar med henna som er eit mørkt fargestoff.



Då Latifa var i Afghanistan i sommarferien, var ho på ein bryllaupsfest. Den varte i tre dagar. Den første dagen var Latifa og alle dei andre damene og jentene på besøk hos brura. Ho skulle seie: "Ja, eg vil gjerne gifte meg" tre gonger. Deretter kom brudgommen med gifteringen og andre gåver til henne. Dagen vart avslutta med middag. Neste dag var den store festen. Alle damene pynta brura i ein fin brudekjole og målte hendene og føtene hennar med henna. Etterpå følgde dei henne til festsalen. Der var det dans og fest heile natta. Den tredje dagen heiter Gåvedagen. Brura bur no i huset til brudgommen saman familien hans. Familie og vener vert inviterte til middag og denne dagen hadde dei med gåver til brudeparet.

Kjærestar



FAKTA


I Noreg kan forelska par gjerne vise at dei er glade i kvarandre, og dei kan gjerne gå hand i hand og kysse kvarandre offentleg.



FAKTA

I Afghanistan er det annleis.

Dersom ein ung mann vil trulove seg med ei jente, må han gå saman far sin heim til jenta. Faren til den unge mannen snakkar med faren til jenta om trulovinga. Dersom faren til jenta seier ja, spør han deretter dottera si om kva hun tykkjer. Ho kan sei ja eller nei. Ei truloving er ein slags ekteskapslovnad. Det unge trulova paret kan gjerne sjå og snakke med kvarandre, men dei kan ikkje vera saman åleine. Dei kan vera saman åleine først etter at dei er gifte.



Camilla og Latifa ser i eit fotoalbum. Det er Latifa sine bilete frå sommarferien. Camilla ser bilete av ei ung jente som skriv på ei tavle. "Kven er det?" spør ho. "Det er kusina mi, Jamila". "Er det kjærasten hennar ein kan sjå litt av?" spør Camilla nysgjerrig. Latifa seier at muslimske jenter ikkje kan ha kjæraste og dei kan heller ikkje gå ut med guitar. Gutar og jenter må slettes ikkje kysse kvarandre. Mannen på bildet er far til jenta.

Utdanning

FAKTA:

Korleis vert ein lækjar eller dyrlækjar? Ein går 10 år i grunnskulen. Deretter 3 år på vidaregåande skule og til slutt 5-6 år på universitetet. Dei fleste er 25 – 28 år før dei er ferdig utdanna.

Lækjar



lækjar



Dyrlækjar




dyrlækjar



utdanning





Far til Latifa kjem heim frå jobb. Han er sliten. Han har levert post heile dagen. Far til Latifa er utdanna ingeniør, men han har enno ikkje fått jobb som ingeniør. Camila spør Latifa om ho også skal verte postbod når hun vert stor. Nei, Latifa vil gjerne verte lækjar. Ho veit at det er mangel på lækjarar i Afghanistan. Camilla drøymer om å verte dyrlækjar, for ho elskar hundar og hestar. Camilla og Latifa veit at det er vanskeleg å verte både lækjar og dyrlækjar. Men ein har då lov til å drøyme.



Afghanistan si historie

Afghanistan ligg midt i dei gamle handelsrutene mellom Europa og Kina.

I middelalderen var byane rike sentra for kunst og vitskap.

Afghanistan vart samla til eitt land på 1700-tallet, men var samansett av mange ulike stammer. I løpet av 1800-tallet var det mange krigar i landet. Afghanistan vart også dregen inn i England og Russland sin kamp om makta. Først i 1896 vart det fredelegare tider og Afghanistan vart modernisert. Det vart bygd vegar og skular, men mange stammeleiarar var i mot dette. For det første fordi dei måtte betale skatt til regjeringa. For det andre fordi kvinner no fekk gå på skulen og dei fekk gå utan slør. Eit tredje problem var, at moderniseringa også var imot dei eldgamle stammereglane.

I 1979 sendte Sovjetunionen soldatar til landet for å hjelpe regjeringa i byane mot stammeleiarane ute på landet. Så fikk stammeleiarane støtte av bl.a. USA. Med USA si hjelp vann stammeleiarane, og dei sovjetiske soldatane forlét Afghanistan. I den krigen døydde det 14.000 sovjetiske soldatar og 1 million afghanarar.

No var det inga regjering i Afghanistan og stammene starta krig mot kvarandre. I 1994 samla dei mest religiøse stammene seg til Taliban-rørsla som sloss mot resten av stammene.

Den 11. september 2001 flaug to fly inn i dei to tårna ved Word Trade Center i New York. Tårna rasa saman og mange amerikanarar døydde. Mennene som styrtet åtaket, gøynde seg hos Taliban i Afghanistan. Derfor hjelpte mange vestlige land USA i kampen mot Taliban. Saman gjekk dei til åtak på Taliban, som vart pressa opp i fjella, men ikkje overvunnen. Det er framleis i 2010, vestlege soldatar i Afghanistan. Dei prøver å hjelpe regjeringa med å byggje opp landet og med å kjempe i mot Taliban. Det er altså framleis krig i Afghanistan.

Skilnad og likskap mellom kristendom og islam.

	Kristendom	Islam
Stifter av religionen	Jesus er fødd i år 0 og døde på korset ca. 30 år gammal.	Muhamed er fødd ca. i år 570 i Mekka. Han står fram som profet som 40 åring.
Guddom	Treeininga; Gud, Jesus Guds son og Den Heilage Ande	Allah tyder gud. Allah er allmektig og den einaste Gud.
Jesus	Jesus er Guds son og guddommeleg	Jesus vert kalla Isa og er ein profet i islam.
Heilag bok	Bibelen med det nye og det gamle testamentet	Koranen som inneholder Muhameds 114 openberringar ordna etter lengde.
Fellesskap	Gudsteneste om sundagen.	Fellesbøn på fredagar.
Bygning	Kyrkja med klokka som ringjer til gudsteneste.	Moskeen med minaretar kor imamen kallar til bøn fem gonger om dagen.
Heilage stader	Fødselskyrkja i Betlehem. Peterskyrkja i Roma	Moskeen med Kabaen i Mekka. Medina er den nest heilage byen etter Mekka.
Trusretninger	Katolikkar, Protestantar, Adventistar, Jehovas vitne, Mormonar, osv.	Sunnimuslimar Sjiamuslimar
Høgtider	Jul Påske Pinse	Ramadan Pilegrimsferd
Viktige krav	Du skal elske din neste som deg sjølv.	Du skal vera gjestfri og gje almisser til dei fattige.

Camilla og Latifa

© Døveskolernes materialecenter, Aalborg 2008.

Originaltittel: Camilla og Latifa

Tekst: Lisbeth Friche

Illustrasjoner: Keld Petersen

Omsett frå dansk til bokmål av Mette Eid Løvås og Agate Thoresen

Nynorsk utgåve: Anne Hildrum Holkesvik

Tilrettelegging av norsk utgåve: Mette Eid Løvås og Torleif Strand

Norsk omsetjing av Koranen er henta frå Koranen.no.

Fotooversikt:

Hærrens Operative Kommando: side 10, 12, 32, 50

Hærrens Operative Kommando, Per A. Rasmussen: side 26, 30

Keld Petersen: 16v

Anna: 16h, 22, 24, 36

Takk til Hærrens Operative Kommando for å stille foto til disposisjon.

© 2011 Møller-Trøndelag kompetansesenter

ISBN: 978-82-7812-190-0

Trykt hos: Tapir Uttrykk

Utgjevar

Møller-Trøndelag kompetansesenter

Postboks 175 Heimdal – 7473 Trondheim

Tlf. 72596500 mollertrondelag@statped.no

www.statped.no/mollertrondelag

Camilla og Latifa

Camilla er frå Noreg og er kristen.
Latifa er frå Afghanistan og er muslim.
Camilla og Latifa er besteveninner.
Les om dei to jentene og deira venskap
og lær om kristendommen og islam.



Statped
Møller-Trøndelag kompetansesenter

ISBN: 978-82-7812-190-0